



# ROVVILTNEMNDA I REGION 1

## Vest-Agder, Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane

Rovviltnemnda region 1 pr epost

Dykkar ref:

Vår ref.:

2013/12146

Arkivnr.:

433.52

Dato:

04.06.2014

### Protokoll frå møte i rovviltnemnda region 1, 2. juni 2014

Frå nemnda møtte Noralv Distad, Oddny Omdal, Marit Barsnes Krogsæter, Sveinung Valle og Arne Bergsvåg. Frå sekretariatet møtte Anders Braa. Møtet var på Gardermoen. Før ordinært møte la Marit Flatjord frå Sogn og Fjordane bondelag fram synspunkt på rovviltforvaltinga til nemnda.

Nemnda syner til saksframlegg til møteinkallinga av 19.05.2014.

#### ***07/14: Jakt på gaupe i regionen i 2015. Vedtak om eventuell kvotefri jakt***

Vedtak om kvotefri jakt i heile regionen. Syner til eige vedtaksbrev.

#### ***08/14: Lisensfelling av jerv og eventuelt ulv i regionen 2014/2015. Vedtak om kvotestørleik, fellingsområde og andre vilkår.***

Vedtak om kvote på 8 jervar og 1 ulv i heile regionen. Syner til eige vedtaksbrev.

#### ***09/14: Innlegg frå Miljødirektoratet om forvalting på tvers av regiongrensar og om differensiert forvalting***

Seksjonssjef for viltseksjonen i Miljødirektoratet, Terje Bø, orienterte mellom anna om møtet tidlegare på dagen med statsrådane Listhaug og Sundtoft om ein tydelegare soneforvalting. LMD og KLD hadde invitert leiarane i rovviltnemndene og sekretariata, saman med Miljødirektoratet, Rovdata og SNO for å diskutere dette temaet. Distad supplerte Bø. Truleg blir det tilgjengeleg eit referat frå møtet som kan fordelast til nemnda på eit seinare tidspunkt.

Bø la elles vekt på at Indre Sogn truleg må bu seg på jamnleg førekommst av jerv også i åra som kjem, mellom anna som konsekvens av at grenseområda i Oppland er prioritert yngleområde for jerv. Oppland har store utfordringar med å plassere sine rovdyrprioriterte

Postadresse:  
Rovviltnemnda i region 1  
c/o Fylkesmannen i Rogaland  
Miljøvernnavdelinga  
Postboks 59  
4001 Stavanger

Leiar for rovviltnemnda:  
Noralv Distad  
Postboks 53, 5741 Aurland  
Telefon: 91374976  
noralf.distad@sfj.no  
<http://www.fylkesmannen.no/rogaland>

Sakshandsamar:  
Anders T. Braa, viltforvaltar  
Telefon: 51568914  
[anders.braa@fmro.no](mailto:anders.braa@fmro.no)

områdar utan å få konfliktar med tilgrensande område i tillegg til dei interne problema. Det er ikkje slik at fråver av forvaltingsmål i region 1 er det same som at det ikkje skal vere rovvilt. Alle område, også dei beiteprioriterte, må tolle innslag av rovvilt.

Bø la og vekt på at miljødirektoratet og SNO har lagt ned eit svært stort arbeid med uttak av jerv i region 1 dei siste 10 åra. Med få unnatak skuldast felling av jerv ekstraordinære uttak i regi av SNO.

**10/14: Ymse**

Nemnda har ikkje behov for å møtast meir for å gjere vedtak i år. Eit unnatak kan vere lisensfelling av bjørn, dersom bjørn med skadepotensiale dukkar opp innafor regiongrensa. På siste møte i mars var det fremma ønske om å arrangere kurs i rovviltnedgang i Kristiansand. Sekretariatet sjekker med NJFF om det kan vere aktuelt å få til til dømes i oktober.

Braa gjorde merksam på at det vil bli endringar i sekretariatet frå hausten. Det er enno ikkje klårt korleis det blir, men det vil bli ny hovudansvarleg for sekretariatet hos Fylkesmannen i Rogaland.

Med helsing

Noralv Distad  
leiar for rovviltnemnda

Kopi pr epost til:

Fylkesmennene i Sogn og Fjordane, Vest-Agder og Hordaland  
Miljødirektoratet v/Terje Bø  
Birger Aasland, her  
Mattilsynet  
Sogn og Fjordane bondelag v/Mertete Støfring  
Vest-Agder bondelag  
Rogaland bondelag  
Hordaland bondelag  
Rogaland sau og geit